

Utviklingsprogrammet for byregioner – Fase 2: Rapportering pr. 15.02.2016

Preikestolbyen - Strand kommune

Beskrive eventuelle organisatoriske endringer i forhold til prosjektplanen

Ryfylke IKS er definert som prosjektansvarlig ved daglig leder Torkel Myklebust som og får plass i styringsgruppa.

Evt. presisering av mål for prosjektet

Følger opprinnelig prosjektplan

Beskrivelse av aktivitetene fram til nå

Arbeidet med prosjektet starta med førebuing før ferien 2015 og prosjektgruppa har gjennomført 3 møter og ei 2 dagars samling med tillegg av arbeidsmøter med enkelte av deltakarane i prosjektgruppa.

Prosjektleder og Tor Arne Johnsen har delteke på begge samlingane i ByR programmet. Og det er startet eit arbeid med å vitalisere og mobilisere næringslivet og handelsstanden i Strand kommune.

Det har vore noko diskusjon kring organiseringa av prosjektet knyt til deltakelse og involvering frå dei organisasjonane som er representerte i prosjektgruppa. Grunntanken har vore, og er framleis, at desse einingane skal leggja ned ein betydeleg eigeninnsats i prosjektet samstundes som dei skal bidra i prosessarbeidet og få dekke noko av innsatsen her. Det er på denne bakgrunn at posten for prosjektleiing er sett relativt lågt samanlikna med andre regionar.

Det har og vore noko diskusjon og spørsmål knyt til dei einskilde kommunane sitt engasjement i prosjektet, både i høve til bidrag og i høve til nytteverdi.

Som ein følge av haustens kommuneval gjekk det noko tid før dette vart forankra i styringsgruppa som består av ordførarar og rådmenn i dei 3 kommunane. Alle ordførarane er nye etter valet.

Styringsgruppa ga si tilslutning til organiseringa, prinsippa kring involvering av samarbeidspartnarar, representert i prosjektgruppa, og ein meir detaljert tiltaksplan med øyremerking av midlar.

Vurdering av framdriften i arbeidet i forhold til prosjektplanen

Kommunevalet og bytte av samtlige ordførarar har forsinka prosjektet noko. På den andre sida er forankringen og eigarskapet godt og målsettingane er oppretthaldne.